

Postpensjonistene i Hordaland.

Referat frå medlemsmøte, mandag 8. april 2024.

Vi var 49 medlemmer som møttes på Grand Hotel Terminus.

Lederen vår, **Eli Ludvigsen** ynskte velkomen. Ho nytta høvet til å senda ei helsing til nestleiaren, **Brigt Gunnar Skeie**. Han hadde brekt foten, og var innlagt på Haukeland Sjukehus. God betring Brigt Gunnar !

Ho gav så ordet til **Arthur Brekke**. Han er leiar for Postmuseet Vestland. Arthur fortalde om oppstarten til museet fram til i dag. Mykje praktisk arbeid er gjennomført. Men også godt samarbeid er etablert med andre museum: Osterøy Museum og Postmuseet på Lillehammer. Vidare er «nøkkelpersonar» frå Hordaland fylke og Alver kommune dradd inn for å sikra kvalitet og økonomi.

Postmuseet Vestland har desse satsingsområda frametter:

OL-94 Fakkelfstafetten
Postvegen Bergen- Stavanger
Postvegen Bergen – Oslo, jernbanevogn
Feltposttenesta
Barnas Postkontor
Post i kunst og litteratur

Arthur Brekke synt så fleire bilete frå museet, av utstillingar og historiske oversikter. Men museet treng fleire medlemmar. Han inviterte alle på medlemsmøtet til å bli medlemmar. Dette er naudsynt for å sikre museet for framtida , og for å hjelpa på økonomien. Sjå verve brev nederst.

Nestleiaren Postmuseet Vestland, **Jan B. Thorsheim** avslutta seansen med å gjeva Arthur Brekke honnør for det gode arbeidet han har gjennomført for å etablera eit livskraftig og solid museum på Feste. Arbeidsplassane våre er godt sikra for ettertida.

Kjell Jarle Aadland gjennomførte QUIZ. Entusiasmen og energien var på topp. Kunnskapen til medlemmene er stor, og gode resultat vart notert. Tre lag på seierspallen fekk store poser med godteri.

Grand Hotel Terminus leverte god mat og kaffe. Lotteriet er alltid populært. Meir god kaffe og praten fortsatte utover.

Liten appell til slutt: **Hugs påmelding til dagsturen 7. mai.**

Takk til medlemmane for godt frammøte, og takk til Grand Hotel Terminus.

Helsing frå Kjell Thorsheim.
Reserve referenten.



Postmuseet Vestland

Bli medlem i Postmuseet Vestland.

Postmuseet Vestland er eit museum for alle med interesse for postal historie. Både dei som sjølv har erfart og opplevd tradisjonelle postale tenester, og for barn og ungdom som ikkje har noko konkret forhold til postmann og postkontor.

Postmuseet arbeider med å styrka det formidlingsfaglege opplegget av Posthistoria. Det er etablert ein gjennomgåande grafisk profil for utstillingane. Postmuseet har nytta QR-koder for å presentera utfyllande informasjon. Museet er på Facebook, søk opp Postmuseet Vestland.

Postmuseet legg til rette for at delar av samlingane skal vera tilgjengeleg på Digitalt museum.

Velkommen til eit besøk på Postmuseet Vestland

Du kan verte medlem i Postmuseet Vestland ved å betale årskontingenten. Samstundes støttar du vårt arbeid på Postmuseet.

Årskontingent kr 100,-

Konto: bank-konto: 3207 420 1643

Vipps: 912248

Registrer din Grasrotandel til Postmuseet Vestland

e-post. post@postmuseetvestland.no

Helsing Styret Postmuseet Vestland, Arthur Brekke, Mobil 90615440